



## DAGSORDEN

### Styringsgruppa for Miljøløftet

Møterom: Teatersalen, Bergen kommune

Tidspunkt: kl. 08.30-11.30

Saksbehandlar: Aina Haugstad

Dato: 15.februar 2023

### Saksliste byvekstavtale bergensområdet

- |           |  |
|-----------|--|
| Sak 17/23 | Godkjenning av innkalling og saksliste                                       |
| Sak 18/23 | Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 18.01.2023                 |
| Sak 19/23 | Handlingsprogram 2024-2027   |
| Sak 20/23 | Bruk av tilskot til betre kollektiv  |
| Sak 21/23 | Haldning og kjennskap til Miljøløftet – resultat frå årleg spørjeundersøking |
| Sak 22/23 | Status for Bybanens byggetrinn 5   |
| Sak 23/23 | Oppdaterte tal frå Skyss   |
| Sak 24/23 | Oppdaterte tal frå Jernbanedirektoratet                                      |
| Sak 25/23 | Eventuelt byvekstavtale Bergensområdet                                       |

### Saksliste bypakke Bergen

- |           |   |
|-----------|---|
| Sak 26/23 | Bypakke Bergen: Trafikk og inntekt                          |
| Sak 27/23 | Bypakke Bergen: Trafikale effektar av ulike takstalternativ |
| Sak 28/23 | Bypakke Bergen: Byggetrinn 5 og NTP-prosessen               |
| Sak 29/23 | Eventuelt bypakke Bergen                                    |

## Saksliste byvekstavtale Bergensområdet

### Sak 17/23 Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak: Innkalling og sakliste er godkjend.

### Sak 18/23 Godkjenning av referat fra møtet i styringsgruppa 18.01.23

#### Sjå vedlegg 1

Forslag til vedtak: Vedlagt referat er godkjend.

### Sak 19/23 Handlingsprogram 2024-2027

#### Sjå vedlegg 2 og 2a

Denne saka er ei av fleire saker som vedgår rullering av handlingsprogram 2024-2027. Det blir gitt ei oversikt over prosjekta som er spelt inn, fordelt på dei ulike finansieringskjeldene. For nokre av prosjekta kan ulike finansieringskjelder vere aktuelle. For meir informasjon om enkeltprosjekt, blir det vist til vedlegg 2a, utkast prosjektporlefølje 2023.

Det blir arbeidd fortløpende med å kvalitetssikre tal, oppdatere dei til riktig kroneverdi og med riktig indeks, og det må derfor takast atterhald til dei økonomiske rammene for prosjekta. Det som likevel er tydeleg, er at summen på innspelte prosjekt langt overgår summane som er tilgjengelege. Denne saka er meint som eit bidrag til å gjere prioriteringsdiskusjonane synlege tidleg. Diskusjonane i styringsgruppa, saman med vidare handsaming i prioriteringsrådet, dannar grunnlaget for vidare arbeid fram mot ei endeleg behandling. Jamfør tidsplanen skal styringsgruppa behandle Handlingsprogram 2024-2027 saman med innspel til statsbudsjett 2024 den 22. mars.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa drøfter innhaldet i saka og gjer innspel til vidare prioriteringar. Sekretariatet arbeidar vidare med forslag til handlingsprogram på bakgrunn av diskusjonane i møtet.

### Sak 20/23 Bruk av tilskot til betre kollektiv

#### Sjå vedlegg 3

Saka er ei oppfølging etter møtet i styringsgruppa for Bypakke Bergen den 16. desember, sak 88/22 Endra bruk av tilskot til reduserte bompengar. I referatet står det:

*«Styringsgruppen i Bypakke Bergen vedtar, med bakgrunn i den lokalpolitiske behandlingen, at tilskudd til reduserte bompenger skal benyttes til bedre kollektivtilbud, så snart reverseringen av takster er implementert. Konkretiseringen av hvordan tilskuddet til bedre kollektivtilbud skal brukes, vedtas av Miljøloftets styringsgruppe.»*

I gjeldande byvekstavtale står det at: «*Det er lokal semje om å bruke midlane til Bybanen.*» I saka presenterer fylkeskommunen og Bergen kommune ei forventning om at desse midlane også for resten av avtaleperioden blir brukt til Bybanen. Dei ønsker å vente med konkretisering av kva pengane skal brukast til, til etter at reguleringsplanen for Bybanen til Åsane er vedteken, våren 2023. Etter vedtak vil partane i fellesskap legge fram ei sak der

bruken av Post 66 regjeringas bompengeavtale til betre kollektivtilbod, blir konkretisert. Staten har tidlegare varsla at midlar utan konkretisert bruk kan haldast tilbake.

*Forslag til vedtak: Bruk av post 66 regjeringens bompengeavtale til bedre kollektivtilbud vert konkretisert hausten 2023. Styringsgruppa tek saka til orientering.*

### **Sak 21/23 Haldning og kjennskap til Miljøloftet – resultat frå årleg spørjeundersøking**

Resultata frå spørjeundersøkinga «Haldning og kjennskap til Miljøloftet og byutvikling» frå desember 2022 er klare. Det er også utarbeida rapportar for enkeltkommunar. Sekretariatet presenterer resultata i møtet.

*Forslag til vedtak: Styringsgruppa tar saka til orientering.*

### **Sak 22/23 Status for Bybanens byggetrinn 5**

Reguleringsplanen for bybanen til Åsane har vore på høyring og det blir arbeidd med å følgje opp høyringsinnspeil og motsegn. Byråd Ingrid Nergaard Fjeldstad orienterer om status.

*Forslag til vedtak: Styringsgruppa tar saka til orientering.*

### **Sak 23/23 Oppdaterte tal frå Skyss**

Utviklinga i kollektivbruk innanfor avtaleområdet blir presentert i styringsgruppa jamleg. Målfrid Vik Sønstabø, direktør i Skyss, informerer om oppdaterte tal på buss, bybane og båt.

*Forslag til vedtak: Styringsgruppa tar saka til orientering.*

### **Sak 24/23 Oppdaterte tal frå Jernbanedirektoratet**

Utviklinga i kollektivbruk innanfor avtaleområdet blir presentert i styringsgruppa jamleg. Jernbanedirektoratet orienterer om oppdaterte tal frå togtrafikken.

*Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.*

### **Sak 25/23 Eventuelt byvekstavtale bergensområdet**

## **Saksliste Bypakke Bergen**

### **Sak 26/23 Bypakke Bergen: Trafikk og inntekt**

Utviklinga av bompengelinntektene i bypakke Bergen blir presentert for styringsgruppa jamleg. Ragnhild Dalsbø, Vestland fylkeskommune, presenterer oppdaterte tal på trafikk og inntekt.

*Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.*

## Sak 27/23 Trafikale effektar av ulike takstalternativ

### Sjå vedlegg 4

Det er nedsett ei arbeidsgruppe som vurderer inntektene i Bypakke Bergen og mogleheitene for å påverke desse. I 2022 la gruppa fram to saker for styringsgruppa i Bypakke Bergen: Sak 33/22 *Bypakke Bergen – Inntektsprognosar og mulige scenario* og Sak 46/22 *Videre arbeid med inntektsprognosar og mulige scenario*. I tillegg la Vestland fylkeskommune fram Sak 71/22 *Handlingsrom i Bypakke Bergen 2023-2037*.

I etterkant bestilte arbeidsgruppa ei trafikal vurdering av ulike bompengetakstar som var basert på tilbakemeldingar og ønske frå styringsgruppa. Vurderinga har blitt gjort ved hjelp av berekningar i regional transportmodell (RTM) og er utført av Vestland fylkeskommune. Saka som ligg ved, viser dei trafikale effektane av ulike bompengetakstar i Bypakke Bergen, og inntektsprognosane som følger med dei. Alle scenarioa som er vurderte, er i tråd med Proposition 11S sine avgrensingar for maksimal gjennomsnittstakst.

Resultata viser at alle scenarioa gir vekst i trafikken sett mot 2018-nivå. Jamfør berekningane er det ikkje mogleg å nå nullvekstmålet ved berre å auke bomtakstane innanfor ramma av dagens proposisjon.

*Forslag til vedtak: Styringsgruppa er bekymra for den venta veksten i biltrafikken.  
Styringsgruppa vil arbeide for at det gjennom Miljøloftet blir nytta eit større spekter av verkemiddel for å oppnå nullvekstmålet for biltrafikken.*

## Sak 28/23 Bypakke Bergen: Byggetrinn 5 og NTP-prosessen

Tone Oppedal, Statens vegvesen, orienterer om status.

*Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.*

## Sak 29/23 Bypakke Bergen: Eventuelt

*Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.*